

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 804/1999**2001/EØS/26/05****av 16. april 1999****om endring av vedlegg I, II og III til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 508/1999⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.

Maksimumsgrenser for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle viktige opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.

Når det skal fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).

Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør maksimumsgrensene for restmengder vanlegvis fastsetjast for målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå skrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdier for muskel- eller feittvev.

Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdier for egg, mjølk eller honning.

Linkomycin og ceftiofur bør førast opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.

Melissae aetheroleum, centellae asiaticae extractum, stryknin, 1-metyl-2-pyrrolidon, etamsylat, enilkonazol og cefacetril bør førast opp i vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90.

For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør oxolinsyre, cefacetril og tiamfenikol førast opp i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90.

For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør det tidsrommet som det i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 tidlegare er fastsett at dei mellombels maksimumsgrensene for restmengder er gyldige for, lengjast for nafcillin og cefapirin.

Det bør fastsetjast ein frist på 60 dagar før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av rådsdirektiv 81/851/EØF⁽³⁾, sist endra ved direktiv 93/40/EØF⁽⁴⁾.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for veterinærpreparat –

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I, II og III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 60. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 102 av 17.4.1999, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 27/2000 av 31. mars 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende nr. 27 av 15.6.2000, s. 4.

(1) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1.

(2) TEF L 60 av 9.3.1999, s. 16.

(3) TEF L 317 av 6.11.1981, s. 1.

(4) TEF L 214 av 24.8.1993, s. 31.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 16. april 1999.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDELEGG

A. I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

- 1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.2. Cefalosporiner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Ceftiofur	Summen av alle restmengder som har bevart sin betalaktamstruktur, uttrykt som desfuroyl-ceftiofur	Storfe Svin	1 000 µg/kg 2 000 µg/kg 2 000 µg/kg 6 000 µg/kg 100 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk, ikke til innføring i juret Muskler Fett Lever Nyrer»	

1.2.9. Linkosamider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Linkomycin	Linkomycin	Storfe	100 µg/kg 50 µg/kg 500 µg/kg 1 500 µg/kg 150 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk»	

B. I vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

2. Organiske forbindelser

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart	Andre bestemmelser
«1-metyl-2-pyrrolidon	Dyr av hestefamilien	
Cefacetril	Storfe	Bare til innføring i juret og i alt vev unntatt melk
Enilikonazol	Storfe, dyr av hestefamilien	Bare til lokal bruk
Etamsylat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	
Stryknin	Storfe	Bare til inntak gjennom munnen i doser på høyst 0,1 mg/kg kroppsvekt»

6. Stoffer av vegetabilisk opprinnelse

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart	Andre bestemmelser
« <i>Centella asiatica extractum</i>	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	Bare til lokal bruk»
<i>Melissa aetheroleum</i>	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	

C. I vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

1. Anti-infektiva

1.2. Antibiotika

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Cefacetril	Cefacetril	Storfe	125 µg/kg	Melk	Midlertidige MRL utløper 1. januar 2001 Bare til innføring i juret
Cefapirin	Summen av cefapirin og desacetylcefapirin	Storfe	50 µg/kg 50 µg/kg 50 µg/kg 100 µg/kg 10 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk	Midlertidige MRL utløper 1. januar 2001»

1.2.6. Kinoloner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser	
«Oxolinsyre	Oxolinsyre	Storfe	100 µg/kg	Muskler	Midlertidige MRL udløper 1. januar 2001»	
			50 µg/kg	Fett		
			150 µg/kg	Lever		
			150 µg/kg	Nyrer		
	Svin	Oxolinsyre	Svin	100 µg/kg		Muskler
				50 µg/kg		Hud og fett
				150 µg/kg		Lever
				150 µg/kg		Nyrer
	Kylling	Oxolinsyre	Kylling	100 µg/kg		Muskler
				50 µg/kg		Hud og fett
				150 µg/kg		Lever
				150 µg/kg		Nyrer
Fisk	Oxolinsyre	Fisk	50 µg/kg	Egg		
			300 µg/kg	Muskler og hud i naturlig forhold		

1.2.10. Penicilliner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Nafcillin	Nafcillin	Storfe	MRL	Muskler	Midlertidige MRL udløper 1. januar 2001»
			300 µg/kg	Fett	
			300 µg/kg	Lever	
			300 µg/kg	Nyrer	
			30 µg/kg	Melk	

1.2.11. Florfenikol og beslektede forbindelser

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Tiamfenikol	Tiamfenikol	Sau	50 µg/kg 50 µg/kg 50 µg/kg 50 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer	Midlertidige MRL udløper 1. januar 2001»
		Svin	50 µg/kg 50 µg/kg 50 µg/kg 50 µg/kg	Muskler Hud og fett Lever Nyrer	
		Fisk	50 µg/kg	Muskler og hud i naturlig forhold	

1.2.13. Linksoamider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Linkomycin	Linkomycin	Sau	100 µg/kg 50 µg/kg 500 µg/kg 1 500 µg/kg 150 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk	Midlertidige MRL udløper 1. januar 2001»
		Svin	100 µg/kg 50 µg/kg 500 µg/kg 1 500 µg/kg	Muskler Hud og fett Lever Nyrer	
		Kylling	100 µg/kg 50 µg/kg 500 µg/kg 1 500 µg/kg 50 µg/kg	Muskler Hud og fett Lever Nyrer Egg	